



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset i Samnanger
Dato: 14.05.2018
Tidspunkt: 14:00 – 16:45

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Brigt Olav Gåsdal	Leiar	AP
Anne Tandstad	Nestleiar	SP
Svein Verner Røseth	Medlem	FRP
Vibeke Bohre Våge	Medlem	H
Øystein Foss	Medlem	BL

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
Gisle Øye	Brigt Olav Gåsdal	H

Møtte i RS 10/18 på grunn av at Brigte Olav Gåsdal vart kjend ugild.

Merknader

Andre som møte:

Navn	Stilling
Unni Renate Moe	Partner / rekneskapsrevisor Deloitte – i heile møtet
Charlotte Hageberg	Rådmann – i sakene t.o.m. PS 19/18
Nina Erdal	Økonomisjef – i sakene t.o.m. PS 18/18
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar Hordaland fylkeskommune – i heile møtet, var sekretær under RS 10/18
Kari Nygard	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune – i heile møtet, var ikkje sekretær under RS 10/18

Brigt Olav Gåsdal
utvalgsleiar

Kari Marie Nygard
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 15/18	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 16/18	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 17/18	Byggjerekneskap VVA på Bjørkheim		2016/48
PS 18/18	Årsrekneskap 2017 for Samnanger kommune - uttale frå kontrollutvalet		2016/38
PS 19/18	Orienteringssak om status for arbeid med tilpassing til ny personvernlov		2018/7
PS 20/18	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger Kommune		2016/98
PS 21/18	Revisjonsplan for Samnanger kommune 2018		2016/38
PS 22/18	Høringsutkast til vegleiar - kva kan ein forvente av oppgåveutføring og kompetanse frå sekretariatet		2014/426
PS 23/18	Referatsaker		
RS 9/18	Utvalet sitt kvarter		2014/240
RS 10/18	Brev til kontrollutvalet i Samnanger kommune		2014/240
RS 11/18	Samnanger kommune budsjettbrev frå Fylkesmannen 2018		2016/38
RS 12/18	Pressemelding - En ny og moderne kommunelov		2015/1
RS 13/18	Forum for Kontroll og Tilsyn - medlemsinfo mars 2018		2017/40
RS 14/18	Forum for Kontroll og Tilsyn - medlemsinfo mai 2018		2017/94
RS 15/18	Brev til formannskapet vedr. budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid - prosess		2016/37
RS 16/18	Budsjett 2018 for kontrollutvalet pr.05.04.18		2016/37
RS 17/18	Løypemelding forvaltningsrevisjon av innkjøp i Samnanger kommune		2017/107
PS 24/18	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval		2015/133
PS 25/18	Eventuelt		

PS 15/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 14.05.2018

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

PS 16/18 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 14.05.2018

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til protokoll frå møte i kontrollutvalet 12.02.18.

Vedtak:

Møteprotokoll frå kontrollutvalet sitt møte 12.02.18 vart samrøystes godkjent.

PS 17/18 Byggjerekneskap VVA på Bjørkheim

Forslag til Uttale

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner prosjektrekneskap for VVA på Bjørkheim.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 14.05.2018

Handsaming i møtet:

Byggerekneskap for VVA-prosjekt på Bjørkheim var gjennomgått og drøfta. Kontrollutvalet kom med kommentarar og stilte spørsmål som det vart svara på. Revisor hadde ikkje kommentarar i saka ut over revisor sin uttale i saka. Forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale:

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner prosjektrekneskap for VVA på Bjørkheim.

PS 18/18 Årsrekneskap 2017 for Samnanger kommune - uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2017.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 14.05.2018

Handsaming i møtet:

Økonomisjef Nina Erdal presenterte hovudtrekka i årsrekneskapen. Ansvarleg revisor Unni-Renate Moe presenterte revisjonsmelding og revisjonsrapport. Rådmann Charlotte Hageberg kommenterte og kort enkelte ting frå årsmedinga. Ut frå dette drøfta kontrollutvalet årsrekneskap og årsmelding.

Forslag til uttale vart kort drøfta, og det kom ikkje forslag til endring av denne. Forslag til vedtak blei samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Samnanger kommune sin årsrekneskap for 2017.

PS 19/18 Orienteringssak om status for arbeid med tilpassing til ny personvernlov

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering. Kontrollutvalet ber om at rådmann også kjem i neste møte (september 2018) med ei ny orientering om stoda på arbeid med tiltak som må på plass ved innføring av ny personvernlov.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 14.05.2018

Handsaming i møtet:

Rådmann Charlotte Hageberg orienterte om arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Arbeidet har vore svært omfattande, og det er ennå ein del som må koma på plass for å tilpassa seg det nye lovverket. Samarbeid med andre kommunar og regionar har vore vurdert, men sjølv om ein kjem til å velja slike løysingar, ser ein at det likevel er mykje arbeid som må utførast innad i kommunen. Ein er ikkje i mål, men er kome godt i gang. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering. Kontrollutvalet ber om at rådmann også kjem i neste møte (september 2018) med ei ny orientering om stoda på arbeid med tiltak som må på plass ved innføring av ny personvernlov.

PS 20/18 Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Samnanger Kommune**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæringa frå ansvarleg revisor Unni-Renate Moe vedr. om Deloitte AS er uavhengig i høve Samnanger kommune, til etterretning.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 14.05.2018**Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet merka seg uavhengighetserklæringa frå Deloitte. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæringa frå ansvarleg revisor Unni-Renate Moe vedr. om Deloitte AS er uavhengig i høve Samnanger kommune, til etterretning.

PS 21/18 Revisjonsplan for Samnanger kommune 2018**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2018 frå Deloitte AS til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 14.05.2018**Handsaming i møtet:**

Ansvarleg revisor Unni-Renate Moe presenterte revisjonsplan og kontrollutvalet kom med kommentarar. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar revisjonsplanen og informasjonen om rekneskapsrevisjonen så langt i 2018 frå Deloitte AS til orientering.

PS 22/18 Høyringsutkast til vegleiar - kva kan ein forvente av oppgåveutføring og kompetanse frå sekretariatet**Forslag til vedtak**

- Alt.1. Kontrollutvalet i Samnanger kommune takkar for at FKT har laga eit forslag til vegleiar om «Hva kan kontrollutvalget forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatet» og har slike forslag til endringar i vegleiar:
- Alt.2. Kontrollutvalet i Samnanger kommune takkar for at FKT har laga eit forslag til vegleiar om «Hva kan kontrollutvalget forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatet» og har ikkje merknader til innhaldet i denne.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 14.05.2018**Handsaming i møtet:**

Utkast til vegleiar vart gjennomgått og drøfta. Det vart samrøystes vedteke å velja alternativ 2 i forslag til vedtak.

Vedtak:

Kontrollutvalet i Samnanger kommune takkar for at FKT har laga eit forslag til vegleiar om «Hva kan kontrollutvalget forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatet» og har ikkje merknader til innhaldet i denne.

PS 23/18 Referatsaker

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 14.05.2018

Handsaming i møtet:

RS 9/18 – Utvalet sitt kvarter

To saker vart teke opp under utvalet sitt kvarter:

- Kontrollutvalet vil be om ei orienterings sak om tildeling av opphald / sjukeheimplassar i kommunen. Informasjonen bør omfatta korleis tildeling av opphald skjer, handsaming av søknad om plass, både fast opphald og avlastningsopphald, samt salg av plassar til andre kommunar. Kva kriterier ligg til grunn for tildeling av plass. Kontrollutvalet ber om at sekretariatet førebur slik sak til første møte til hausten.
- Kontrollutvalet ber og om ei orienteringssak om korleis Samnanger kommune oppfyller ny bemanningsnorm for barnehagar. Informasjonen bør omfatta korleis dette vert løyst i barnehagane i kommunen, samt korleis krav om pedagogtetheit vert løyst i dei einskilde avdelingane. Kontrollutvalet ber om at sekretariatet førebur slik sak til første møte til hausten.

RS 10/18 – Brev til kontrollutvalet i Samnanger kommune

Utvalseleiar Brigte Olav Gåsdal tok opp spørsmål om habilitet og grunngav dette for kontrollutvalet. Han gjekk deretter ut frå møtet. Gisle Øye tok sete i staden, og nestleiar Anne Gerd Tandstad overtok møteleiinga. Kontrollutvalet drøfta spørsmålet om ugildskap og det vart samrøystes vedteke å kjenna Brigte Olav Gåsdal ugild ut frå Forvaltningslova § 6, 2.ledd.

Sekretariatet v/Kari Nygard delte ut og gjekk gjennom følgjande dokument som bakgrunn for saka:

- Memo frå Deloitte datert 22.06.15.
- Saksframlegg – klage på sakshandsaming – frå KUV-møte 16.09.15
- Parts brev vedr. klage på sakshandsaming – ny handsaming i KUV-møte 25.11.15.

Etter gjennomgangen trådde Kari Nygard frå møtet i saka og overlet sekretæroppgåva til Helge Johansen. Grunnen for dette er at Kari Nygard har nær slektning som innehar stilling i Samnanger kommune i teknisk sektor.

Kontrollutvalet diskuterte saka ut i frå det som kjem fram av bakgrunnen for saka og brevet som er kome inn til kontrollutvalet. Etter drøfting vart utvalet einig om følgjande:

Kontrollutvalet sitt mandat er mellom anna å sjå til at regelverk og rutinar i kommunen vert ivareteke. Kontrollutvalet er ikkje eit klageorgan. Kontrollutvalet vurderer at denne saka er av privatrettsleg karakter, og at det har oppstått ein konflikt mellom Samnanger kommune og Terje Trengereid / Jan Ove Haga. Det er ikkje kontrollutvalet si oppgåve å løysa slike privatrettslege konflikter. Vedtaket som vart fatta var samrøystes.

Vedtak

Kontrollutvalet har handsama saka på nytt og konkluderer med at dette ikkje er ei sak for kontrollutvalet. Kontrollutvalet seier seg endeleg ferdig med saka.

Etter at vedtak i saka var fatta tok Brigte Olav Gåsdal på ny plass i møtet og overtok møteleiing igjen. Kari Nygard kom og inn og overtok sekretæroppgåva. Gisle Øye gjekk ifrå møtet.

RS 11/18 – Samnanger kommune budsjettbrev frå Fylkesmannen

Gjennomgått og teke til orientering.

RS 12/18 – Pressemelding – en ny og moderne kommunelov

Gjennomgått og teke til orientering.

RS 13/18 – FKT – medlemsinfo mars 2018

Gjennomgått og teke til orientering.

RS 14/18 – FKT – medlemsinfo mai 2018

Gjennomgått og teke til orientering.

RS 15/18 – Brev til formannskapet vedr. budsjett for kontroll- og tilsynsarbeid

Utvalseiar orienterte om formannskapet sitt strategimøte i april, der han hadde møtt for å orientera om kontrollutvalet sitt budsjett og budsjettprosessen. Referatsaka vart teke til orientering.

RS 16/18 – Budsjett- / rekneskapsoversyn for kontrollutvalet sitt budsjettområde

Nytt oppdatert rekneskapsoversyn vart delt ut og drøfta. Kontrollutvalet merka seg at når endeleg oversyn over kostnader med forvaltningsrevisjon av innkjøpstenester ligg føre, bør ein på første møte til hausten ta stilling til om det må søkjast om ekstraløyving. Referatsaka vart teke til orientering.

RS 17/18 – Løypemelding forvaltningsrevisjon av innkjøp i Samnanger kommune

Unni-Renate Moe frå Deloitte presenterte stoda for arbeidet med prosjektet. Kontrollutvalet merka seg at rapport vil ligga føre i månadskifte mai / juni. Det vert planlagt å handsama rapporten på kontrollutvalet sitt første møte til hausten (03.09.18).

Under referatsaker blei og gjeve melding om 4 saker frå kontrollutvalet som det er gjort vedtak om i kommunestyret. Dette gjeld «Årsmelding for kontrollutvalet for 2017», «Byggerekneskap for veg til Totræna», «Byggerekneskap for idrettsanlegg i Hagabotn» og «Byggerekneskap for nytt bibliotek».

Vedtak:

RS 9/18 – Utvalet sitt kvarter – vedtak om at sekretariatet førebur orienteringssaker til neste møte vedr. rutiner for tildeling av sjukeheimplassar og bemanningsnorm for barnehagar.

RS 10/18 – Brev til kontrollutvalet i Samnanger kommune

Kontrollutvalet har handsama saka på nytt og konkluderer med at dette ikkje er ei sak for kontrollutvalet. Kontrollutvalet seier seg endeleg ferdig med saka.

Dei øvrige referatsakene vart teke til orientering.

PS 24/18 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 14.05.2018

Handsaming i møtet:

Aktuelle protokollar blei gjennomgått. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

PS 25/18 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 14.05.2018

Handsaming i møtet:

- Dato for neste møte vart drøfta. Det er ikkje naudsynt å endra møtedato, så mandag 3. september 2018 vert ståande som dato for neste møte i kontrollutvalet.
- Dette var siste møte der Kari Nygard er sekretær for kontrollutvalet i Samnanger kommune. Grunn for dette er at Kari Nygard har nær slektning som innehar stilling i Samnanger kommune i teknisk sektor. Helge Johansen frå sekretariatet i Hordaland fylkeskommune vert fast sekretær for kontrollutvalet vidare. Både kontrollutvalet og sekretær Kari Nygard takka for godt samarbeid.

Vedtak:

Det vart ikkje fatta vedtak under eventuelt.